

**Fra:** Jørgen Vestgarden  
**Sendt:** 3. november 2023 15:40  
**Til:** Postmottak OED  
**Emne:** Innspill flom- og skredmelding

**Kategorier:** Grønn kategori

Hei,

Ønskjer med dette å kome med eit innspel til arbeidet med ny stortingsmelding.

Store delar av Volda kommune er skredutsett. Heldigvis har vi fått kartlagd mykje av eksisterande busetnad i kommunen, men det er framleis mange område som ikkje er kartlagd. Dei nye aktsemdkarta for snøskred (NAKSIN) viser også at vi må bandlegge mykje skog om ein skal kunne tillate bygging i mange område. Dette gjeld både område med eksisterande busetnad og i regulerte utbyggingsfelt.

På byggesak opplever vi mykje frustrasjon frå dei som søker når vi kjem med krav om meir dokumentasjon fordi tiltaket som er omsøkt ikkje er tilstrekkeleg utgreidd etter krava i plan- og bygningslova § 28 -1. Dei må til dømes levere inn skredfarer rapport på tiltak i sikkerheitsklasse S1 der vi ikkje har faresonekart. Ein slik rapport er kostbar og kan i nokon høve ha ein like stor kostnad som byggetiltaket i seg sjølv. S1-tiltak kan godkjennast der største nominelle årleg sannsyn for skred er maks 1/100. Det er mykje lokalhistorisk kunnskap om kor skreda har kome tilbake i tid. Kunne det vore ein idé ha at ein kunne godkjent ei skredfarevurdering utan krav om formell kompetanse for S1-tiltak? Ein har jo ein liknande ordning i område der det kan vere fare for kvikkleireskred. Her har ein tiltakskategori K0 og prosedyra for utredning av områdeskredfare, tabell 3.1 i NVE sin rettleiar «Sikkerhet mot kvikkleire», opnar for at dei tre første stega kan gjerast utan geoteknisk kompetanse.

Ein skal ta farane ved skred på alvor, men kompetansen og ressursane med denne fagkunnskapen bør nyttast der det verkeleg er behov. Vår oppmoding er å sjå på krava til faglege utgreiingar på desse enklaste tiltaka som ikkje fører til auka personopphald og har liten økonomisk og samfunnsmessig konsekvens.

Med helsing

**Jørgen Vestgarden**  
avdelingsleiar  
Utvikling

**tlf. sentralbord: 70058700**  
**tlf. mobil: 90470915**



[volda.kommune.no](http://volda.kommune.no)

Følg oss på

[Facebook](#) - [Instagram](#) - [Twitter](#)

E-post skal ikkje brukast til sensitiv informasjon. E-post er ikkje ein sikker kanal, og den kan overvakast av andre.